



TOFTE EIGEDOM AS

5454 SÆBØVIK

|                   |                     |             |             |            |
|-------------------|---------------------|-------------|-------------|------------|
| Saksbehandlar     | Tlf. direkte innval | Vår ref.    | Dykkar ref. | Dato       |
| Anne Rita Eriksen | 926 46 329          | 2020/2169-4 |             | 24.08.2020 |

## IGONGSETJINGSLØYVE - EITT-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

|                    |  |
|--------------------|--|
| Tiltak:            | Vertikaldelt tomannsbustad m/carport   |
| Gnr/bnr:           | Parsell av 191/371   |
| Byggestad/adresse: | Olahagen, 5455 Halsnøy Kloster   |
| Tiltakshavar:      | Tofte Eigedom AS, Øvre Tofte 10, 5454 Sæbøvik  |
| Ansvarleg søkjar:  | Halsnøy Trelast AS, Nordevågsvegen 6, 5454 Sæbævik   |
| Matrikkel:         | Husv A; BYA= 134 m <sup>2</sup><br>BTA= 162 m <sup>2</sup> H01= 80 m <sup>2</sup> H02= 82 m <sup>2</sup><br>BRA= 141 m <sup>2</sup> H01= 66 m <sup>2</sup> H02= 75 m <sup>2</sup><br>Husv B; BYA= 134 m <sup>2</sup><br>BTA= 162 m <sup>2</sup> H01= 80 m <sup>2</sup> H02= 82 m <sup>2</sup><br>BRA= 141 m <sup>2</sup> H01= 66 m <sup>2</sup> H02= 75 m <sup>2</sup> |

### Delegert vedtaksnr.: 2020/381

#### Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1 og 20-3 vert søknad journalført 29.07.2020 og 16.08.2020 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF og uavhengig kontroll for firma:

- Halsnøy Trelast AS, 5454 Sæbøvik; SØK, PRO og UTF for utstikking, grunn/betong og trearbeid t.kl.1.
- Into Røyr AS, 5450 Sunde i Sunnhordland; PRO og UTF for røyr og sanitæranlegg t.kl.1.
- Sandvoll entreprenør AS, 5452 Sandvoll; Uavhengig kontroll våtrom/lufttetthet t.kl.1.

#### Vilkår:

1. Innmålingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

## 2. Vilkår i tilknytingsløyve frå Eining Vatn og avløp, datert 17.08.2020 må oppfyllast.

### *Tiltaket kan igangsetjast straks.*

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### **Grunnlag for løyvet**

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Geoteknisk rapport utarbeidd av Sweco Norge og journalført 09.06.2020 (sak 2019/1708) for dokumentasjon av trygg byggegrunn i busatdfeltet.
- Frådelling av parsellen er behandla i sak 2020/368 av 17.08.2020 der det er sagt at frådelling skjer med bakgrunn i stadfesta reguleringsplan. Oppgitt tomtestorleik i samsvar med situasjonsplan er 1235 m<sup>2</sup>.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har grei utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.

### **Merknader**

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Anne Rita Eriksen  
Saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Tiltakshavar  
Referatsak forvaltningsutvalet  
Matrikkelen  
Sektor Teknikk og miljø